

## Innkalling til møte i Utvalg for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 12.11.2018, kl. 14.15-16.00

Stad: rom 435, HF-bygget

Til: Matti Wiik (undervisningsleiar), Erik Bjerck Hagen, Rolf Beev, Øivin Andersen, Torodd Kinn, Eirik Vassenden, Knut-Ove Arntzen, Aidan Conti, Sigrun Åsebø, Else Berit Molde, Signe Nilssen (sekretær), Oda Marie Villanger (studentrepresentant), Hanna Nakken (studentrepresentant), Astrid Runshaug (studentrepresentant).

Kopi: Administrasjonssjef, instituttleiar, Instituttutvalet

### Saksliste

UUI-sak 21/18: Godkjenning av innkalling og sakslikste.....	2
UUI-sak 22/18: Orienteringssaker .....	2
O-sak 1: Referat frå førre møte i UUI.....	2
O-sak 2: Bruk av materiale som er verna av opphavsrett.....	4
O-sak 3: Emneevaluering og -rapportar.....	4
O-sak 4: Status for undervisningsbudsjetta .....	4
O-sak 5: Mentorordningar frå 2019 .....	4
O-sak 6: Sensurfristar.....	4
UUI-sak 23/18: Vedtakssaker.....	5
Vedtakssak 1: Møtedatoar for våren 2019 .....	5
UUI-sak 24/18: Ymist .....	5

## UUI-sak 21/18: Godkjenning av innkalling og sakslikste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste

## UUI-sak 22/18: Orienteringssaker

### O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Referat fra **møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)**

Tid: 10.09.2018, kl. 14.15-16.00

Stad: rom 435, HF-bygget

Til stades: Matti Wiik (undervisningsleiar), Erik Bjerck Hagen, Rolf Beev, Øivin Andersen, Torodd Kinn, Eirik Vassenden, Knut-Ove Arntzen, Aidan Conti, Bente Kiilerich, Sigrun Eilertsen (vara for Else Berit Molde), Signe Nilssen (sekretær), Oda Marie Villanger (studentrepresentant), Hanna Nakken (studentrepresentant), Jessica Hildonen (studentrepresentant).

Meldt forfall: Else Berit Molde

Saksliste

[UUI-sak 17/18: Godkjenning av innkalling og sakslikste2](#)

[UUI-sak 18/18: Orienteringssaker2](#)

[O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI2](#)

[O-sak 2: Prosjektarbeid for timeplanlegging4](#)

[O-sak 3: Frist for studie- og emneplanendringar4](#)

[O-sak 4: Ressursbudsjett4](#)

[O-sak 5: Nye rekrutteringstekstar til programsidene4](#)

[UUI-sak 19/18: Diskusjonssaker4](#)

[Diskusjonssak 1: Bestillingssystem hos Akademika4](#)

[Diskusjonssak 2: Programsensorordninga4](#)

[UUI-sak 20/18: Ymist5](#)

UUI-sak 17/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste er godkjende

UUI-sak 18/18: Orienteringssaker

O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI

O-sak 2: Prosjektarbeid for timeplanlegging

Det humanistiske fakultet har hatt ei arbeidsgruppe som har sett på korleis ein kan gjere timeplanlegginga meir effektiv og mindre sårbar. Det er foreslått at ein person frå kvart institutt får hovudansvaret for å planlegge for alle emna instituttet har. Denne personen skal då

vere med i ei arbeidsgruppe som gjeld for heile fakultetet. Desse vil då gjere timeplanlegginga i fellesskap slik at ein kan ta omsyn til dei ulike utfordringane som finst, og fordele rom og tider på ein fornuftig måte.

Signe orienterte.

O-sak 3: Frist for studie- og emneplanendringar

Endringar i emne- og studieplanar gjeldande frå og med hausten 2019 må vere godkjende i programstyrta før 1. november i år.

Signe orienterte.

O-sak 4: Ressursbudsjett

Sjå IR-innkalling til møte 30. august i år, sak 26/18 (vedlagt). Institutrådet støttar forslag til rutine i høve ressursbudsjettinger.

Matti orienterte.

O-sak 5: Nye rekrutteringstekstar til programsidene

UiB har starta eit større prosjekt som gjeld omarbeiding av programsidene med tanke på rekruttering. I høve dette må fagmiljøa og studieadministrasjonen bidra med informasjon til tekstar som skal presentere programma. Vi har fått ein forholdsvis kort frist, 24. september, til å melde tilbake til UiB sentralt.

Signe orienterte.

UUI-sak 19/18: Diskusjonssaker

Diskusjonssak 1: Bestillingssystem hos Akademika

Vi har fått melding frå Ivar Utne om at ordninga med å kjøpe bøker til lærarar via Akademika fungerer svært dårlig. Det er store forseinkinger frå Akademika si side. Korleis opplever fagmiljøa elles at dette fungerer? Bør vi legge press på UiB for å få til ei ryddigare ordning?

I diskusjonen kom det fram at slike problem først og fremst er kritiske når det skal bestillast bøker til nyttilsette. Det er likevel ein viss grad av misnøye over at systemet er såpass tungrodd. Alle slike bestillingar må gå via bestilling, til godkjenning hos administrasjonssjef og så tilbake til bestillar. Bøker blir dessutan sendt frå ein sentral som ikkje er i Bergen, og ein kan ikkje hente ut bøker på Akademika på Studentsenteret når bestillinga er godkjend.

På reiser må ein sjølv legge ut på førehand. Kvifor er det ikkje greitt i desse tilfella? Kan vi få til ein fleksibilitet i systemet som gjer at ein kan hente ut bøker på kort varsel på Akademika.

Fagkoordinatorane tar diskusjonen vidare i fagmiljøa og forhøyrer seg om dette er noko som skapar store problem.

Diskusjonssak 2: Programsensorordninga

Kva er grunnen til at det ikkje er fleire aktive avtalar på LLE? (Det same gjeld heile HF).

På nordisk er det til dømes slik at det i grunnen bør vere to ulike sensorar. Det er mykje arbeid å setje i gang, og ein ser ikkje heilt nytteverdien. Det er ikkje nok interesse for kvalitetsarbeid på makronivå. Det er òg press på staben, så det blir ikkje prioritert heilt. Bør ein lenke direkte til evalueringane på emne- og programsidene?

UUI-sak 20/18: Ymist

Ingen saker melde.

## O-sak 2: Bruk av materiale som er verna av opphavsrett

Det er viktig å ta omsyn til reglane for bruk av material med opphavsrett. Organisasjonane til dei som eig rettane til slikt material, hevdar opphavsrettane langt meir pågåande enn før.

Universitetsbibliotekar Irene Eikefjord orienterer om problem og spørsmål kring bruk av material med opphavsrett.

## O-sak 3: Emneevaluering og -rapportar

Det er på tide å gjennomføre emneevaluering. Studiekonsulentane kan hjelpe dei emneansvarlege med å sende ut evaluering digitalt. Fagkoordinator skal ha oversikt over kva for emne som skal evaluerast denne hausten. Alle emna som ligg under programstyret i nordisk, skal evaluerast kvar gong.

## O-sak 4: Status for undervisningsbudsjetta

Studiekonsulentane fyller ut ressursbudsjetteringsreknearka etter kvart som timeplanlegginga skrir fram. Vi har diverre kome på etterskot sidan det har vore ein travel haust, og Aleksander planlegg ei arbeidsstove der ein ser på det i fellesskap. Fagkoordinator vil få tilsendt skjemaa når dei er klare, slik at dei kan sjå over.

## O-sak 5: Mentorordningar frå 2019

Frå og med 2019 skal det vere tilbod om mentor til alle lågaregradsstudentar. Det er ikkje realistisk å få dette til før hausten 2019. HF diskuterer opplegg, men det mest opplagte verkar å vere at ein vidarefører studiestartgruppene som mentorgrupper, og at gruppeleiarane får arbeid heile året. Opplegget kan ha ulike «pakkar» der til dømes fagmiljøa har ein dag der dei møter studentane.

## O-sak 6: Sensurfristar

På HF har vi operert med at raude dagar i sensurperioden skal leggjast til på slutten av perioden slik at fristen blir utsett på grunn av dette. No viser det seg at dette har vore ei feiltolkning av reglane. Ein får berre ekstra tid til å sensurere dersom sensurfrist fell på ein raud dag eller helg. Dette tyder at det er forventa at sensorane våre til dømes skal sensurere i juleferien. Fakultetet har bede om at vi går vekk frå denne regelen i alle fall i denne perioden, og at vi heller må vurdere rutinane for undervisings- og eksamensplanlegging. Dette vil i så fall føre til eit nedkorting av eit allereie kort haustsemester.

UUI-sak 23/18: Vedtakssaker

Vedtakssak 1: Møtedatoar for våren 2019

4. februar

18. mars

6. mai

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner foreslårte møtedatorar for våren 2019.

UUI-sak 24/18: Ymist